



# PERASTØLEN

FORSAND KOMMUNE

## FAKTA

**Lengde:** Rundtur på 5-6 timar.

**Passar for:** Ikkje for dei minste

**Parkering:** God plass att med klekkeriet  
i nedre Espedal.

**Kartblad:** 1312 IV: Frafjord

### **Verd å merka seg:**

Frå klekkeriet går ein gjennom skogen til ein kjem inn på stølsvegen. Denne er då lett å følgja. Det går og å ta ein lengre tur inn til Skansen i enden av Lauvvatnet.




Foto: Roy Mangersnes

## OM TUREN

Frå klekkeriet i Nedre Espedal må ein følgja stien inn gjennom skogen til ein kjem til den gamle stølsvegen opp skaret. Hugs å lukke att grinda inne i skogen. Stølsvegen er svært bratt, så her er det greit å ta seg god tid.

Vel oppe ved Brekkevatnet er stien lett å følgja inn forbi Middagsknuten og vidare til Perastølen. Heile tida kan ein sjå Frafjordhatten raga i aust.

Frå Perastølen går stien nord-aust langs Lauvvatnet. Når ein kjem til Stølsmyrane, kan ein ta turen bortom Nedre Espedalstølen og sjå på dei mange flotte steinsettingane her. Det siste stykket av turen går sør for Resafjellet og vidare ned Åsliskaret til Åsen. Herifrå har ein fint utsyn nedover Espedalen.

Følg anleggsvegen i overkant av sandtaket tilbake til klekkeriet. Det er sjølvstøtt mogleg å snu på Perastølen og ta turen nedatt same vegen ein kom opp.

### Historie og natur

Perastølen blei brukt som støl for Eikelands-garden i tidlegare tider. Det må ha vore tungt å gå med husdyrfôr og mjølkespann, opp og ned den bratte bakken mellom dalen og stølen.

På Nedre Espedalsstølen kan ein få eit godt inntrykk av korleis det var å driva stølsdrift i eldre tider. Her står rester etter gjerde, løe og sjølve stølshuset.

Størsteparten av turen går gjennom Frafjordheiane landskapsvernområde, og stien ligg i eitt av dei flottaste naturområda i fylket vårt. I tillegg går den gjennom eit område med rike førekomstar av vilt. Er ein heldig, kan ein sjå både villrein og elg her oppe, og ryper kaklar både frå lia og frå fjellet. Ved vatna i desse områda hekkar og små- og storlom som begge er trua fugleartar i Noreg.



